



Bustadstiftinga ved Fylkessjukehuset i Lærdal
Teknisk etat

LÆRDAL KOMMUNE	
TEKNISK ETAT	
- 2 NOV. 2001	
L.nr. _____	Arkiv nr. _____
Sak.nr. _____	Saksbeh. _____

Dykkar ref:

Vår ref:
01/00946-3

Saksbeh:
Lasse Sælthun, 57 66 62 22

Arkivkode:
611

Dato:
30.10.01

Melding om vedtak i formannskapet 24.1001, sak 077/01

OVERFØRING AV GRUNNBOKSHEIMEL TIL GNR. 24 BNR.5 I OFTA. PARKERINGSPLASS,

SAKSUTGREIING:

I samband med at staten skal overta drifta av sjukehusa frå nyttår, har Fylkesjukehuset i Lærdal hatt ein gjennomgagn av status for alle eigedommane tilhøyrande Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Bustadstiftinga ved sjukehuset. I denne samanheng har dei oppdaga at kommunen har heimelen til husa Ofta 3, Ofta 4, Sjukehusvegen 19 og Sjukehusvegen 21. Dette er eigedommar med bygningar som vart oppført av bustadstiftinga/fylkeskommunen på slutten av - 60 talet. I brev av 04.10.01 ber bustadstiftinga om at heimelen til desse eigedommane vert overført til bustadstiftinga. Bustadstiftinga vil dekke alle kostnader med oppmåling/tinglysinga i samband med overdraginga.

I brevet ber bustadstiftinga vidare om å få overta eit område øvst i bustadfeltet Ofta- Aust merka " Hagane". Dei ynskjer her å få opparbeide ein gjesteparkeringsplass for stiftelsen sine bueingar i området. Desse bueingane er for tida under renovering.

VURDERING:

Kommunen kjøpte tidlig på - 70 talet ein del areal for opparbeiding av bustadfeltet Ofta Aust. Desse eigedommane vart seinare samanføyd til eitt gnr. bnr (Gnr.24 bnr.5). Eindel tomter vart frådelt dette gnr.bnr. og overført til bustadstiftinga/fylkeskommunen vederlagsfritt. Dei eigedommane på gnr. 24 bnr.5 som allereie var bebygd av bustadstiftinga/ fylkeskommunen, vart derimot ikkje frådelt og overført bustadstiftinga/fylkeskommunen.

På bakgrunn av ovannemnde, vil rådmannen tilrå at grunnboksheimelen for desse eigedommane no vert overført bustadstiftinga mot at bustadstiftinga dekkjer alle kostnadene ved frådelinga/overskøyting

Når det gjeld den aktuelle parkeringsplassen, meiner rådmannen det er naturleg at denne vert oppretthalden som offentleg parkeringsplass, men at bustadstiftinga får disponere/skilte eit visst tal gjesteparkeringsplassar for sine bustadeiningar i området.

Sak 077/01

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Formannskapet samtykkjer i at grunnboksheimelen til Ofta 3, Ofta 4, Sjukehusvegen 19 og Sjukehusvegen 21 vert overført frå kommunen til Bustadstiftinga ved sjukehuset. Bustadstiftinga skal betale alle kostnader ved oppmåling og overskøyting i samband med overdraginga.

Når det gjeld parkeringsplassen ved "Hagane" vert denne oppretthalde som offentleg parkeringsplass, men bustadstiftinga får disponere/skilte eit visst tal gjesteparkeringsplassar for sine bustadeiningar i området.

Administrasjonen får fullmakt til å gjennomføre overdraginga og inngå avtale med bustadstiftinga om vilkåra for å disponere parkeringsplassar på det aktuelle arealet.

VEDTAK I Formannskapet - 24.10.2001:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

LÆRDAL KOMMUNE
Rådmannskontoret
Anneblairb



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
FYLKESJUKEHUSET I LÆRDAL
Bustadstiftinga

Lærdal Kommune
 6887 LÆRDAL

LÆRDAL KOMMUNE Sentraladministrasjonen	
Årsaksnr: 1/946	Løpenr: 5274
04.10.2001	
Art.: 611	S
Avd.:	CS
Kassasjonsår:	Grunnlagt:

Sakshandsamar: Kåre Mentz Lysne tlf.dir.: 57 64 00 52 E.post: kare.mentz.lysne@sf-f.kommune.no

Arkivkode: 611
 Vår ref.: Arkivsnr.: 00/00595
 L.nr.: 035379/01

Dykkar ref.

Dato: 04.10.01

LÆRDAL KOMMUNE TEKNISK ETAT	
- 8 OKT. 2001	
L.nr. 5297	Arkiv nr. L33
Sak.nr. 01/948	Saksbeh. TBE

VEDKOMMANDE GNR. 24 BNR. 5 I OFTA

I samanheng med at staten skal overta drifta av sjukehuset, har vi hatt ein gjennomgang av status for alle eigedommane som er tilhøyrande Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Bustadstiftinga ved sjukehuset.

I den samanheng har vi oppdaga at tomta (24/5) som husa Ofta 3, Ofta 4, Sjukehusvegen 19 og Sjukehusvegen 21 er i følge utskrift av grunnboka eigd av Lærdal Kommune.

På møte som vi hadde på sjukehuset onsdag 3. oktober saman med ordførar og rådmann fann vi ut at denne tomta mest sannsynleg vart "gløymd" å bli overført til Bustadstiftinga på byrjinga av 70-tallet når dei andre tomtane i området vart overført til stiftinga. Bustadstiftinga ved sjukehuset søker med dette om å få overført gnr. 24 bnr. 5 til oss vederlagsfritt. Stiftinga er innstilt på å betale kostnadene med oppmåling og tinglysing. Bustadstiftinga ser det som viktig å ordna opp i dette eigedomshøve før staten overtek sjukehusdrifta.

Som kjent held Bustadstiftinga på med eit omfattande prosjekt der vi renoverer områda våre både innvendig og utvendig, med bl.a. skikkeleg opparbeidde parkeringsplassar til alle bueningane våre. I denne samanheng er det eit område oppe i Ofta, merka "hagane" på vedlagt teikning, som i dag delvis er grodd att. Stiftinga kunne ynskt seg å gjera denne plassen om til gjesteparkering for å unngå den parkering som i dag pågår på vegskuldrane i Ofta. Bustadstiftinga søker med dette om å få overført dette arealet til oss, vederlagsfritt, mot at vi betalar kostnadene med overtakinga.

Er det spørsmål vedkommande desse to søknadene ta direkte kontakt med dagleg leiar for stiftinga, Knut O. Aarethun (57640105), eller styreleiar Kåre Mentz lysne (57640052).

Med helsing

Kåre Mentz Lysne

styreleiar Bustadstiftinga ved sjukehuset

Kopi i Styret

Tekn. clat

Postadresse: , 6887 LÆRDAL
 Besøksadresse:
 Bankgiro: 3838.07.60581

Telefon: 57 64 40 00 Telefaks: 57 64 00 01
 Org.nr.: 874 763 942
 E.post: postmottak.fshl@sf-f.kommune.no
 Internettadr.: http://www.sf-f.kommune.no/fshl